



OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonserntent på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70
e-post lars.mjøs@osteroyindustrielag.no

ÅRSMELDING FOR ARBEIDSÅRET 2014

Vedteke på årsmøtet 21.4.2015

ÅRSMØTET I 2014

Årsmøtet vart halde 25.3.2014 hjå Lonevåg Beslagfabrikk AS med omvising med fokus på robotar og automatisering. Me fekk også orientering om prosjektet Flettverk.

MEDLEMSMØTE

Me har ikkje hatt noko eige medlemsmøte i meldingsperioden.

PERSONALNETTVERKET

Personalnettverket hadde møte 16.5.2014.

STYREMØTE

Styret har hatt 2 møte; 28.10.2014 og 7.4.2015. Eimund Øvsthus vart i det første styremøtet attvald som nestformann.

SAKER

Me har engasjert oss sterkt for realisering av **omlegging av fv 567 gjennom Hosanger**. Det synte seg at kostnadene ville bli vesentleg høgare enn dei budsjetterte ca 16 mill kr. I ein kritisk fase på ettersommaren 2013 tilbaud formannen og nestformannen i eit møte med fylkeskommunen og Statens vegvesen 1 mill kr i kompensasjonsmidlar. Før jul 2013 innvilga fylkestinget 45,3 mill kr til prosjektet. For å få betre massebalanse vart prosjektet utvida slik at ein no også får god veg og fortau i nedste delen av Hoshovdelia. Anleggsarbeidet starta på seinhausten 2014. Etter anleggsstart synte det seg at det måtte utførast meir rassikring i Hoshovdelia enn føresett slik at arbeidet her er

blitt vesentleg utvida. Dette førte til seinare tilgang på stein til andre delar av prosjektet slik at det er «lånt» mykje stein frå eit lager på Bysheim. Mjøs Metalvarefabrikk AS har fått godkjend masseutskifting med stein frå anlegget for å opparbeide eit lagerareal.

Me kjenner ikkje til noko vidareutvikling i 2014 for vegen gjennom **Vesetgjelet**.

Hausten 2014 innhenta me nye tilbod på **teletenester** for medlemmene. Før jul vart det inngått avtale med Phonero som etter fusjon i praksis er ei forlenging av avtalen med Ventelo. Eksisterande kundar får nytte «det beste» frå Venteloavtalen. For mobilabonnement er det kome nye tilbod med fastpris for databruk og fri bruk av samtale og SMS og MMS. Medlemmene vert kontakta av Phonero sin representant.

Laget har lenge arbeidd for betre tilgang til **fibersamband** på Osterøy. Den 1.2.2014 overtok BKK Bredbånd AS fibernettet som vart bygd av Osterøy kommune og seinare selt til Nettstar AS. Nokre av medlemmene får no internett via denne fiberen og me vil arbeide for at fiberen kan komme fleire til nytte.

Me har, m.a. saman med vår mobiltelefoni-avtalepartner Ventelo, også i meldingsåret arbeidd for betre **Telenor mobildekning**. I samband med installasjon av signalanlegg i Tirsåstunnelen ser det no ut til at Telenor endeleg skal etablere dekning i denne.

Formannen og sekretæren har gjort innspel i samband med rullering av **Strategisk næringsplan for Bergensregionen**, m.a. gjennom å gjennomføre ei synfaring på Osterøy før jul for direktør og næringspolitisk leiar i

Business Region Bergen, BRB. Planen vert no i utgangspunktet bransjenøytral, har fokus på kva kommunane kan gjere og har med tiltak for å sjå på rekkefølgekrav og utbyggingsavtalar i samband med reguleringsplanar og eit tiltak knytt til CNC- og robotklynge. Sekretæren møtte då planen vart presentert for Osterøy formannskap i mars 2015 og me har gitt innspel til ei uttale frå formannskapet.

I Mjeldalen er nedste del av vass- og avløpsanlegget som skal forsyne **Espevoll næringsområde** bygd og øvste delen er under planlegging. Utbyggar har enda ikkje fått utbyggingsavtale for Espevoll næringsområde med kommunen. BRB er beden om assistanse for å få fortgang i arbeidet.

Reguleringsarbeid for følgjande næringsområde er/ har vore på gang for **Holmane** i Fotlandsvåg (m.a. Lonevåg beslagfabrikk AS) og **Småland. I Hosanger** er Mjøs Metallvarefabrikk AS i oppstartfasen for regulering. Arbeid med å ta i bruk **Odalsmyra** Næringsområde på Hauge er starta opp og **Gloppemyra** er godkjent for massedeponi og reguleringsarbeid er starta opp. Styret held seg oppdatert og følgjer opp der me ser det trengst.

Fleire parti på **fylkesveg 567 mellom Lonevåg og Tysse** har **svært dårleg vegdekke**. Delar av denne strekkja har vore inne på prioriteringslista for asfaltering, men har likevel falt ut. Formannen fann ut at denne strekkja var inne på framlegget til prioriteringsliste for 2015. Etter ein høyringsrunde til styret, sende me pr 22.9.2014 eit skriv til Statens vegvesen og til samferdselssjefen i fylkeskommunen om trongen for asfaltering av denne strekkja. Formannen har og arbeidd med saka politisk og i budsjettet for 2015 har fylkeskommunen sett av meir enn ei dobling av midlar til asfaltering.

Skjærtorsdag 2.4.2015 vart **fylkesveg 567 stengd ved Geiterheim pga eit mindre steinras**. Vegvesenet skaffa ikkje geolog før tysdag 2. påskedag den 7.4. og vegen vart opna for trafikk same dagen i 17-tida. Vegen var altså stengd i meir enn 5 døger. Formannen greip fat i saka på eit tidleg stadium og klarte å skaffe mykje blæst om saka, både i m.a. BT og nrk Hordaland som hadde mykje fokus på saka både tysdagen og onsdagen. Vegen skulle stengast att onsdag 8.4. frå kl 08.00 til 17.00 pga sikringsarbeid, men dette vart avlyst pga alle klagar og alt fokus. Me reknar med at vegvesenet sin manglande geologberedskap får eit etterspel.

Prosjektet «**Kompetanseutvikling i CNC og robotnæringsmiljøet i Hordaland**» i regi av Osterfjord Nærings samarbeid med Industrikonsulenten på Osterøy som prosjektleiar, er i god gjenge. Høgskolen i Bergen vil tilby ein bachelor på området frå hausten 2016 og tilsvarande vil Bergen tekniske fagskole tilby eit fagteknikarprogram, også frå hausten 2016. HiB arbeider også med ein master. Ved kompetansesenteret for CNC og robot ved Osterøy vidaregåande skule er Trygve Trohaug tilsett som prosjektleiar. Dei utarbeider etter- og vidareutdanningstilbod og Trygve Trohaug bistår Industrikonsulenten i leiinga av kompetanseutviklingsprosjektet. Fleire av våre medlemsbedrifter stilte aktivt opp på ei prosesssamling 17. -18.2.2015 og Lonevåg Beslagfabrikk AS og K Lerøy Metallindustri AS hadde lagt opp flotte omvisingar.

Prosjektet «**Flettverk**» i regi av Osterfjord Nærings samarbeid med Industrikonsulenten på Osterøy som prosjektleiar har fått finansiering også for 2014 og oppmoding frå fylkeskommunen om å søkje vidareføring. Våren 2014 hadde prosjektet ein pop-up-butikk i Xhibition kjøpesenter i Bergen sentrum der deltakarane i «Made in Osterøy» deltok aktivt.

Formannen er medlem i styringsgruppa for utarbeiding av ein **nærings- og samfunnsutviklingsplan for Nordhordland** og har delteke på dei styringsgruppemøte og prosessamling.

Den årlege **Utdanningsmessa i Osterøyhallen** har vore skipa til av Osterøy ungdomsskule og Osterøy vidaregåande skule. Danielsen ungdomsskule Osterøy ønskte også å aktivt ta del utan tilfredsstillande respons. Etter at formannen tok opp saka med partane, ser dette no ut til å ordne seg.

Den 10.11.2014 var det omvising i **det nye høgskolebygget på Kronstad**, presentasjon av fleire samarbeidstiltak og underteikning av fornya samarbeidsavtale mellom Osterfjordregionen og Høgskolen i Bergen. Invitasjon var utsend våre medlemmer.

Osterøy kommune markerte sitt **50-årsjubileum** 31.8.2014 i Osterøyhallen. Medlemmene vart inviterte til å lage ein liten stand og Tysse Mek Verksted AS stilte.

Under Tysse Mek Verksted AS sin 50-årsfest **takka sekretær og industrikonsulent Lars Mjøs formann Lars Magne Bysheim** for 23 år som tillitsvald i Industrilaget og av desse heile 17

år som formann. Han takka også Lars Magne som ein veldig god sjef og personalleiar, ikkje minst i samband med at Lars Mjøs fekk sin kroniske sjukdom.

Organisasjonen **Vener av Mjøsvågen** og **Osterøy sogelag** har starta eit samarbeid med sikte på å publisere «**Mjøsvågen næringssoge**». I Mjøsvågen har det vore ein mangslungen næringsaktivitet og det var m.a. på slutten av 1800-talet ein aktiv næringsklynge med 5 kisteverkstader og 3 smier. Ei slik soge vil m.a. byggje opp under aktivitetstilbodet som no er bygd opp ved Mjøsvågen.

Formannen deltek i arbeidsgruppa for utarbeiding av ein **felles regional nærings- og utviklingsplan for Nordhordland**.

Osterøy Industrilag er aktiv deltakar i "**Næringsalliansen**", ei interessegruppe for næringsforeiningar i Bergen og eit nokså vidt omland. Formannen er aktiv medlem i arbeidsutvalet for Næringsalliansen. Samferdsle og kompetanse har hovudfokus.

Osterøy Industrilag er medlem i **Bergen Næringsråd**.

I mars 2015 deltok 13 av våre medlemmer i **Næringsalliansen/ Bergen Næringsråd sin spørjegransking**. Nesten 50% av desse ventar vekst i omsetnaden; vel 20 % som i 2014 og vel 20% ein nedgang. Den største utfordringa er å skaffe kompetent arbeidskraft.

På **heimesida** www.osteroyindustrilag.no, legg me ut nyhende og anna aktuell informasjon (er ikkje oppdatert i 2014).

E-post er viktig kanal for informasjon og kontakt med medlemmene; ca 10 fellesmeldingar til medlemmene i perioden.

Osterøy kommune er fullverdig medlem i **Regionrådet for Nordhordland** og er medeigar i **Business Region Bergen AS** gjennom Nordhordland.

Industrilaget har 30 **medlemsverksemdar** med ca 860 **tilsette**.

TILLITSFOLK

Styret:

Formann Lars Magne Bysheim, på val
Nestformann Eimund Øvsthus, ikkje på val
Jørund Vevle, ikkje på val
Kjell Lerøy, på val
Ivar Solberg, på val

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val
Rolf Hagebø, på val
Eileen Aasheim, på val

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val

Styringsutvalet for Industrikonsulentene:

Sigbjørn Reigstad med Vivian Jacobsen som personleg vara, ikkj på val
Arne Hansen med Stig Eknes som personleg varamedlem, på val
Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre

Revisor. Norodd Helle, på val.

Valnemnd, begge på val: Arnbjørn Vevle og Asle Nilssen.

Leif Tore Solberg er på vegne av Industrilaget leiar i rådet for Kompetansesenteret for CNC og robot der også Industrikonsulentene er medlem.

Sigbjørn Reigstad koordinerer Industrilaget sitt personalnettverk.

INDUSTRIKONSULENT- VERKSEMDA

Industrilaget er arbeidsgjevar for Industrikonsulentene på Osterøy, sjå eiga årsmelding/rekneskap. Industrikonsulentene er sekretær for Industrilaget for kr 40.000 pr år. Kommunen løyver årleg 150.000 kr til denne verksemda. Denne løyvinga er og med i kommunen sitt langtidbudsjett. Industrikonsulentene deltek i Osterfjord Næringsamarbeid som har avtale med Fylkeskommunen om næringsutviklingsarbeid og mottok 124.000 for dette i 2014 (189.000 kr i 2013). I 2014 fekk Osterfjordregionen også til rådvelde via fylkeskommunen 456.000 kr til Regionalt næringsfond for Osterfjord (954.000 kr i 2013). Industrikonsulentene har hatt sekretariatsfunksjonen for Osterfjord Næringsamarbeid 2005-2014. Industrikonsulentene fekk i 2014 ei godtgjersle frå Osterfjord Næringsamarbeid på kr 18.000 for næringsutviklingsarbeid (kr 35.000 i 2013) og kr 70.000 for sekretariatsfunksjonen.